



Arkivnr: 2016/2314-20

Saksbehandlar: Ingvar Skeie

**Delegert saksframlegg**

---

**Fylkesrådmannen etter fullmakt**

## **Refinansiering av obligasjonslån 360 mill. kr**

### **Samandrag**

Eit obligasjonslån på 360 mill. kr har forfall den 12. oktober 2016. Ein har henta inn tilbod på nytt lån. Fylkesrådmannen går inn for å refinansiere med eit 3-årig obligasjonslån, tilrettelagt av Danske Bank Markets.

### **Vedtak**

I medhald av Reglement for finansforvaltninga i Hordaland fylkeskommune gjer fylkesrådmannen slikt vedtak:

Lån på 360 mill. kr vert refinansiert med eit 3 årig obligasjonslån, tilrettelagt av Danske Bank Markets. Renta er 3 mnd. Nibor + 0,429 %.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 06.10.2016**

Eit obligasjonslån på 360 mill. kr har forfall den 12. oktober 2016. Lånet vart teke opp 12.01.2015. Renta har vore 3 mnd. Nibor + ein fast margin på 0,10 %.

I det siste har det vore fokus på refinansieringsrisiko. Hordaland fylkeskommune har ved fleire høve valt å auke løpetida på lån som har vorte refinansierte, sjølv om ein då må betale høgare marginar. Ein har i sommar refinansiert 2 obligasjonslån som begge hadde løpetid på 2 år. Det eine vart refinansiert med eit 3-års lån og det andre med eit 5-års lån. Det siste nye lånet som vart teke opp i september har ei løpetid på 10 år.

Omsynet til lågast mogleg rente tilseier at ein framleis bør ha nokre lån med relativt kort løpetid i porteføljen. Ut frå forfallstidspunkt på andre lån, kunne det passe å refinansiere det aktuelle lånet med ei 2-årig lån. Bergen Capital Management si erfaring er at det for tida er relativt liten skilnad i marginen på 2- og 3-års lån. Ein har difor valt å be om alternative lånetilbod på 12 mnd. og 3 år denne gongen.

Bergen Capital Management har gjennomført anbudsrunder, og ein har fått inn desse tilboda:

	12 mnd. sertifikat rente	3 års obligasjonslån 3 mnd. Nibor + margin
Danske Bank Markets	1,340 %	0,4290 %
DNB Markets	1,345 %	0,4450 %
Nordea Markets	1,345 %	0,4489 %
Sparebank 1 Markets	1,325 %	0,4500 %
Kommunalbanken	1,385 %	0,5000 %
Swedbank First Securities	-	0,5300 %

For 3-årig obligasjonslån skal ein betale marginen som er vist i tabellen + 3 mnd. Nibor (som er 1,13 % i dag.)

Sparebank 1 Markets har det lågaste tilbodet på 12 månaders sertifikatlån med 1,325 %. Danske Bank Markets er lågast på eit 3-års obligasjonslån. 3 månaders Nibor er i dag 1,13 %. Med ein margin på 0,429%, vil total rente bli 1,559 % første 3-månaders perioden. Skilnaden mellom 12-månaders lån og 3-års lån utgjør då 0,234 %.

Prognosane frå DNB Markets spår at 3 mnd. Nibor skal ned igjen til rundt 1 %. Om dette slår til, blir skilnaden enda mindre.

Det kan nemnast at fylkeskommunen refinansierte eit anna obligasjonslån den 10. juni i år. Ein tok den gongen opp eit 3-årig obligasjonslån, og oppnådde ein margin på 0,569 %. Ut frå dette kan tilbodet om ein margin på 0,429 % synast å vere gunstig.

Fylkesrådmannen vil også denne gangen leggje vekt på fordelene med å ha lengst løpetid, og vel 3-års obligasjonslån, tilrettelagt av Danske Bank Markets.